



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellestråd**

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

Høyanger 20.10.2023

## **Protokoll for møte i Høyanger kyrkjelege fellestråd**

**Torsdag 26.10.2023. kl.10.30 på Kyrjekontoret.**

### **Til stades:**

*May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Sissel Sjørebø, Andreas Ester.*

### **Fråverande:**

*Kenneth Førde og Frode Merkesvik*

### **Kopi av protokollen går til:**

*Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbø, Toril Bjørkum, Geir Sjørebø, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, M Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune.*

## **Sakliste:**

### **Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok**

### **Meldingssaker:**

#### **032 Soknepresten har ordet:**

Komande søndag kan og kallast «fredssøndagen» Esters bok er om ei sterk kvinne og ei fredshistorie. Tekstar som er relevante i no. Minner om Jesu ord «Det de ikkje gjorde mot ein av desse minste, har de heller ikkje gjort mot meg» Jesus er til stades alle plassar folk lid – på begge sider av konfliktane. Dette er eit påbod om å engasjere oss for dei som lid.

#### **033 Status «Prosjekt Høyanger»**

Prosten ,Knut Magne Nesse, prestane, Andreas Ester og Runar Matsui-Li, og kyrkjeverja i Høyanger hadde eit planleggingsmøte måndag 23.oktober. Målet er å få på plass ein gudstenesteplan og nokre rammer for arbeidet i prosjektet. Gudstenesteplanen må ta omsyn til situasjonen med vakant organiststilling, til ytre rammer for arbeidstida til prestane og den nytilsette diakonen. Ein legg opp til ein plan der ein køyrer ei forsøksordning der det er gudstenester eller andre samlingar i kyrkja, på kvardagar. Målet er todelt – det er ønskeleg at det fører til større oppmøte og engasjement om kyrkja, og det gjer at det blir lettare å ta omsyn til prestane si arbeidstid og krav om frihelger. Grovskissa til gudstenesteplanen er klar og det står att nokre detaljar. Desse har prosten og kyrkjeverja ansvaret for å få på plass.

Spørsmål om diakonen blir med på møtet 23. november og om ho kan spørjast om å delta på soknerådsmøte i Bjordal og Ortnevik 30.november, blir formidla vidare til prosten som er diakonen sin næraste overordna. Like eins vart referat frå møtet 23.oktober etterspurt.

**034 Neste møte i fellesrådet og prosten sin «fagdag» for dei nye sokneråda på Alværa torsdag 23.november, kl.16.00.**

Møtet i fellesrådet vert eit overlappande møte mellom avtrappande og påtroppande fellesråd, med konstituering av det nye fellesrådet. Etter møtet vert det invitert til middag der dei som skal delta fagdagen for dei nye sokneråda også deltek. Alle er velkomne til å delta på dette og det blir påmelding slik at ein kan lage til høveleg med mat. Staben vil ta ansvar for å lage til dette måltidet.

Det vart spurt om program med sakspapir til fagdagen snart var klart. Og det kom fram eit ynskje om at ein inviterer varamedlemmer til fagdagen og at staben også deltek.

**035 Kyrkjeverja har ordet:**

- Økonomisituasjonen: Har ikkje fått tilbakemelding frå kommunen på søknaden enno. Med den økonomiske situasjonen kommunen er i vert dette spennande.
  - Viktig at ein får brukt midlane til trusopplæring. Sokneråda kan godt lage ei ønskeliste dersom det er noko ein burde få på plass.
- Ymse  
Kyrkjeverja opplevde å ha godt utbytte av kurset han deltok på. Nyttig å treffe og bli kjent med fagpersonar i KA og å bygge nettverk i høve andre kyrkjeverjer.

**Vedtaksaker:**

**018/23 Tilsetting av kyrkjelydsarbeidar. Jmf sak 015/23.**

**Vedtak:**

**Heike Muller vert tilsett i 50 % stilling som kyrkjelydsarbeidar med ansvar for trusopplæring frå 01.01.2024.**

Samrøystes.

**019/23 Budsjett og søknad om driftsmidlar frå kommunen**

**Vedtak:**

**Fellesrådet godkjenner søknaden om driftsmidlar frå kommunen slik den ligg føre og er send.**

Samrøystes.

**020/23 Ortnevik kyrkje 100 år.**

**Vedtak:**

**Med atterhald om tildeling av kommunale løyvingar om lag som omsøkt, løyver ein kr 100.000,- til vedlikehaldsarbeid i Ortnevik kyrkje i forkant av 100 års-jubilèet i 2025.**

Samrøystes.

## **021/23 Vedlikehaldsplan og investeringsplan for HKF for perioden ???**

Til orientering for påtroppande fellesråd er utgangspunktet for saka to tilhøve:

- dei prioriteringar som kvart sokn gjorde etter HKF sine synfaringar i sokna i 2020 og 2021, og
- ny og innstramma praksis frå 2022 med omsyn til budsjettering og klårare rekneskapsmessig . skilje mellom vedlikehald og investering.

### **Vedtak:**

**Fellesrådet vedtek vedlikehalds- og investeringsplan for perioden 2024 - 2027 slik den føreligg.**

Samrøystes.